

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref: 202317822-17
Vår ref: 2026/147680
Dato: 13.07.2026

Mattilsynet si høyringsfråsegn til høyring og kunngjering - Nye Dyrstad kraftverk- sak 202317822

Vi viser til brev motteke 3. juni 2026.

Saka gjeld

Føremålet med tiltaket er å oppgradere og utvide eksisterande Dyrstad kraftverk for å utnytte vassressursane i Dyrstadelva betre. Planen omfattar nytt inntak i Ytre Stølsvatnet, ny kraftstasjon ved fjorden, ny og oppgradert rørgate samt overføring av eit mindre delfelt. Utbygginga vil auke installert effekt frå 1 MW til 4,3 MW og årleg kraftproduksjon frå 4,6 GWh til 10,2 GWh

Mattilsynet si rolle i plansaker

Mattilsynet er statleg sektormyndigheit for områda plantar, helse og velferd hos fisk og dyr, mat og drikkevatn. Som høyringsinstans skal vi bidra til å vareta nasjonale og regionale interesser innanfor våre forvaltningsområde. I denne saken uttaler vi oss om drikkevatn

Mattilsynet forvaltar [drikkevassforskrifta](#). Ansvaret vårt i planarbeidet er å beskytte eksisterande og framtidige drikkevasskjelder og å sikre tilgang til trygt og tilstrekkeleg drikkevatn.

Vår vurdering

Søknaden inneheld lite informasjon om private drikkevassforsyningar og eventuelle brønnar i influensområdet. Samtidig går det fram av søknaden at det er avgrensa busetnad og stølsområde i eller i nærleiken av planområdet. Eventuelle private brønnar eller drikkevasskjelder i influensområdet må kartleggjast og takast omsyn til i den vidare planlegginga og gjennomføringa av tiltaket. Ved behov må det setjast i verk tiltak for å førebyggje negativ påverknad på vasskvalitet og vassmengd.

Ut over dette kan Mattilsynet ikkje sjå at saka reiser problemstillingar innanfor våre forvaltningsområde som gir grunnlag for ytterlegare merknader

Med helsing
Mattilsynet, tilsynet

Tove Hamre
seniorinspektør

Karin Charlotte Ranum
seniorinspektør

Dokumentet er godkjent elektronisk / This document has been electronically approved

Kopi til:
STATSFORVALTAREN I VESTLAND